



Nordhordland Næringshage

Elisabeth Tonheim

Mastrevik Torg

5943 AUSTRHEIM

Referanser:

Dykker:

Vår: 14/368 - 14/3525

Saksbehandlar:

Øystein Sørhaug

Oystein.Sorhaug@lindas.kommune.no

Dato:

17.02.2014

Søknad om støtte til bedriftsutvikling/etablering

Administrativt vedtak. Saknr:

Søknad om støtte til bedriftsutvikling/etablering

Dokument i saka:

Søknad frå Nordhordland Næringshage v/ prosjektleiar Elisabeth Tonheim

Saksutgreiing:

Prosjektansvarleg er Nordhordland Næringshage, medan Elisabeth Tonheim er leigd inn som prosjektleiar for prosjektet «*Lindåsbygda og slusene – frå oske til eld*».

Frå å vere ei hamn for handel og ferdsel i gamle tider, har Lindåsbygda flytta sentrum og bustader, handel og service opp langs hovudvegen. Nedre Lindås har likevel eit stort potensial for utvikling av både næringsliv, innbyggjarar og besökande.

«*Lindåsbygda og slusene – frå oske til eld*» skal samle bygda til felles aktivitetar for både nye og eksisterande innbyggjarar. I dag driv kvar og ein med sitt. Ifølgje prosjektskildringa, er potensialet som ligg i samarbeid på tvers av aktørar i stor grad uutnytta. Dette har prosjektet som mål å ta tak i.

Hovudmålet til prosjektet er å:

- Leggje til rette for oppleving av slusene
- Synleggjere det unike bygda kan tilby
- Auke næringsgrunnlag for kulturaktørar og småverksemder gjennom samarbeid med reiseliv
- Auke næringsgrunnlag for reiseliv gjennom å tilby nyskapande opplevingar

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Næringsfondet til Lindås kommune er eit verkemiddel for å fremje, styrke og profilere næringsliv og sysselsetting i kommunen. Ifølgje vedtekten kan støtte til bedriftsutvikling/etablering nyttast, særleg når det gjeld tiltak som fremjar nyskapning og innovasjon og tiltak som fremjar samarbeid mellom bedrifter (nettverk). Begge desse vilkåra er gjeldande i dette prosjektet.

Kultursjef og næringssjef/samfunnsutviklar i kommunen har følgt prosjektet sidan starten, og er imponert over vilja til å få noko til blant prosjektdeltakarane. Prosjektet har mobilisert og samla aktørar heilt sidan starten vinteren 2013. Kommunen har store forventningar til prosjektet.

Prosjektet er også tatt opp som eit assosiert LivOgLyst-prosjekt, som er administrert og koordinert frå Hordaland fylkeskommune. Gjennom det same programmet, har prosjektet fått eit kontaktbidrag/stimuleringsstilskot på 40.000 kroner. Prosjektet får i tillegg tett oppfølging, kompetansetiltak, nettverk og erfaringar.

Når ein er assosiert LivOgLyst-prosjekt, kan ein vera heldig å gå vidare til eit ordinært LivOgLyst-prosjekt. Desse kan anten vere eittårige (utviklingsprosjekt) eller treårige (hovudprosjekt). Med ein slik status, kjem ein tyngre finansiering. Dei aktuelle kommunane må medverke med minst 30.000 kroner årleg til hovudprosjekta.

Næringsfondet til Lindås kommune kan vere med på å finansiere sjølve prosjektleiinga. Når det gjeld støtte til konkrete kulturfaglege og andre aktivitetar, rår Lindås til at prosjektleiinga søker støtte hos andre finansieringspartnerar, t.d. kultur i Lindås kommune m.fl. Kommunen er vidare positiv til å vere med på finansieringa på eit seinare stadium, t.d. når/viss prosjektet vert tatt opp som eit hovudprosjekt i LivOgLyst. Om dette vert aktuelt, må maka opp til politisk handsaming. Saldo på næringsfondet pr 10.02.14, etter denne tildelinga, er 926.503 kroner.

Vedtak

Lindås kommune støttar søknaden frå Nordhordland Næringshage med 50.000 kroner. Midlane skal hentast frå Lindås kommune sitt næringsfond.

Vedtaket kan pålagast til kommunen, jf. Lov om offentleg forvaltning.

Klagefristen er 3 veker frå den dato du mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal senast skriftleg. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjenvæst.skriv vedtak her>

Med helsing

Øystein Sørhaug
næringsjef

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:
Rekneskapsavdelinga

Mottakarar:

Nordhordland Næringshage

Mastrevik Torg 5943

AUSTRHEIM